

Plan for kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge 2026**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Torill Valderhaug	Arkivsak: 26/954
E-post: postmottak@haram.kommune.no	Journalpost: 26/20151

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret tek informasjon om kommunalt forebyggingsprogram og bruk av midlane for 2026 til vitande.

Saksgang:

Saka går til Formannskapet som innstiller til Kommunestyret.

Samandrag:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge er ny nasjonal tverrsektoriell tilskuddsordning frå 2026. Forebyggingsprogrammet erstatter andre øyremerka og sektorvise tilskudd. Haram kommune tildelt kr 835 709 for 2026. Det er krav til at kommunane utarbeider ein plan for bruk av midlane. Haram kommune sin plan for 2026 ligg vedlagt i saka.

Forebyggingsprogrammet gir kommunane både auka friheit og ansvar til å prioritere tiltak ut frå lokale behov. Ordninga skal støtte opp under førebyggjande arbeid for barn og unge, med delmål knytt til tilhøyre, deltaking og god helse, samt tidleg og heilskapleg innsats.

Planen for 2026 tek utgangspunkt i å bruke midlane til å finansiere noko av våre innsatsar og tiltak som passar med måla og delmåla. Hovudaktiviteten for året er implementering av BTI.

Saksopplysningar:

I statsbudsjettet for 2026 blei det etablert ei ny, tverrsektoriell tilskuddsordning kalt **Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge**. Fleire tidlegare øyremerka og sektorvise tilskudd blei samla til ein felles pott. Frist for å søke var 22.april. I slutten av mai fekk Haram kommune tildelt kr 835 709 for 2026.

Forebyggingsprogrammet skal gi kommunane auka friheit til å prioritere tiltak ut frå lokale behov. Ordninga skal støtte opp under kommunen sitt førebyggjande arbeid for barn og

unge, og bidra til målretta og heilskapleg innsats på tvers av ulike sektorar. Den skal og bidra til å utjamne sosiale forskjellar blant barn og unge. Tiltaka skal ha utsette barn og unge som del av målgruppa, og skal samstundes bidra til styrka førebyggjande innsats gjennom universelle tiltak retta mot alle barn og unge. Kommunen skal nytte tilskuddet til innsatsar og tiltak innanfor lovpålagde tenester som støtter opp under mål og delmål for ordninga.

Ordninga har to delmål:

- 1. Tilhørighet, deltakelse og god helse: Barn og unge har god helse, opplever tilhørighet, og deltar i barnehage, utdanning, arbeidsliv, nærmiljø og fritidsaktiviteter.*
- 2. Tidlig og helhetlig innsats: Barn, unge og deres familier med behov for hjelp fanges opp tidlig og får helhetlig, tilpasset og samordnet oppfølging gjennom kommunenes tenester og tilbud.*

Den nye ordningen er forvalta av Bufdir, i samarbeid med Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

Frå 2027 tek regjeringa sikte på å utvide ordninga ytterlegare. Då vil truleg fleire tidlegare tilskuddsordningar bli del av kommunalt forebyggingsprogram. ([Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge - regjeringen.no](https://kommunalt.forebyggingsprogram.for.barn.og.unge-regjeringen.no))

[Regelverk - Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge 2026](#)

Det er krav til at kommunane utarbeider ein plan for bruk av midlane. Planen skal vere administrativt og politisk forankra, før den meldast inn til Bufdir (frist 25.september). Haram kommune sin plan for 2026 ligg vedlagt i saka.

Vurderingar:

Innføring av programmet inneber at enkelte nasjonale tiltaksordningar er fjerna, og at kommunen får auka friheit og ansvar for å prioritere tiltak og innsatsar ut frå lokale behov. Det inneber at kommunen må sikre god oversikt og prioritering på tvers av tenester og kommunalområde. For året 2026 er det relativt kort tid mellom tildeling og krav om plan for bruk av midlane. Planen for 2026 tek utgangspunkt i å bruke midlane til å finansiere noko av våre innsatsar og tiltak som passar med måla og delmåla, og som det er både plan for, ønske om og behov for å gjennomføre. Hovudaktiviteten for året er implementering av BTI.

Utgangspunktet for prioriteringene er planen [Saman for ein god oppvekst i Haram kommune](#). I dei komande åra vil det vere naturleg at utarbeiding av plan for bruk av midlane tek utgangspunkt i det kommunale planverket, vår oversikt over utfordringsbilde, dialog med tenestene og at styringsgruppa *Saman for ein god oppvekst* er administrativt forankringsspunkt. Denne styringsgruppa vart oppretta som del av arbeidet med planen «Saman for ein god oppvekst – plan for forebygging» Dette skal bidra til samarbeid og prioritering på tvers av kommunalområde.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Fleire tidlegare øymerka og sektorvise tilskudd er fjerna ved innføring av midlar gjennom nytt kommunalt forebyggingsprogram. Samla sett ser det ut til at det per no er mindre tilgjengelege tilskotsmidlar for kommunen.

Konklusjon med grunngiving:

Kommunedirektøren tilrår at Kommunestyret tek informasjon om kommunalt forebyggingsprogram og bruk av midlane for 2026 til vitande.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør

Vedlegg:

1. Haram kommune - Plan for Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge - 2026